

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

**Eg sender inn på
vegne av** Organisasjon

Orgnr 982743397

Namn på verksemد Inviro AS / StudieHub - Fjordane Studiesenter

Adresse Bankgata 1

Postnummer/-stad 6770 Nordfjordeid

Kontaktperson

Namn Kari Rygg

Telefon 95287575

E-post kari@inviro.no

**Enhet i
virksomheten** StudieHub - Fjordane Studiesenter samt nettverket av studiesentera i Vestland
(Studiesenter Kysten, HVK Studiesenter og Sogn Kompetanse)

Innspel

3.2 Kompetanse og inkludering

Frå: StudieHub – Fjordane Studiesenter på vegne av nettverket Studiesentera i Vestland (SIV). SIV består av StudieHub – Fjordane Studiesenter, Studiesenteret Kysten, HVK Studiesenter og Sogn Kompetanse.

Innleiing

Vi viser til høyringa av planprogram for Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Studiesentera i Vestland ønskjer å gje innspel til planprogrammet, med særleg vekt på punkt 3.2 Kompetanse og inkludering og delpunktene 3.2.1 og 3.2.4. Studiesentera i Vestland er etablert og finansiert i tråd med forskrifter fra Kommunal- og distriktsdepartementet av 04. april 2025, og Vestland fylkeskommune sitt

vedtak om treårig tilskotsordning frå august 2025. Sentera dekkjer store delar av distriktskommunane i fylket, og har som mandat å tilby fleksible, etterspurnadsbaserte utdanninger i samarbeid med etablerte utdanningsinstitusjonar og det regionale kompetanseapparatet. Som ein del av dette arbeidet har studiesentera inngått samarbeidsavtalar med dei største utdanningstilbydarane i Vestland fylke, noko som bidreg til å sikre både kvalitet, breidde og regional relevans i utdanningstilbodet.

Punkt 3.2 – Kompetanse og inkludering

Planprogrammet løftar fram behovet for å sikre relevant kompetanse for arbeids- og næringsliv, og å inkludere fleire i utdanning og arbeid. Studiesentera er her ein etablert og operativ ressurs. Vi har nærliek til lokalsamfunna, og kan tilby utdanningsløp som er tilpassa både unge og vaksne sine behov.

Punkt 3.2.1 – Behov for eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod Studiesentera tilbyr utdanninger og kurs som er utvikla på bakgrunn av konkrete behov i arbeids- og næringsliv. Tilboda er komplementære til eksisterande høgskule- og universitetsutdanninger, og vi arbeider særleg med desentraliserte, fleksible og livslange læringsløp. Gjennom denne modellen bidreg vi til å gjøre utdanning tilgjengeleg i heile fylket, og til å møte omstillingssbehova i arbeidslivet raskt og målretta.

Punkt 3.2.4 – Samarbeidsstrukturar Planprogrammet legg vekt på samarbeid mellom utdanningssystem, arbeidsliv og offentleg sektor. Studiesentera er allereie forankra i dei regionale kompetanseføra, og fungerer som operative knutepunkt i samarbeid mellom kommunar, verksemder og utdanningsinstitusjonar. Vi mobiliserer deltakrar, inkludert grupper som står utanfor arbeidslivet, og legg til rette for utdanning som styrkar inkludering og verdiskaping. Konklusjon Vi oppmodar om at Studiesentera i Vestland blir nemnde eksplisitt som ressursar i planprogrammet under plantema 3.2 Kompetanse og inkludering, særleg under punkta 3.2.1, 3.2.4. Studiesentera representerer ein etablert, finansiert og forankra infrastruktur for kompetanseutvikling i distrikta, og kan bidra vesentleg til at planen når sine mål.

Med helsing

Kari Eldby Rygg

Nordfjordeid, 8. september 2025

På vegner av StudieHub – Fjordane Studiesenter og nettverket Studiesentera i Vestland (SIV)

Anna

Høyringsinnspel til planprogrammet for Regional plan for verdiskaping og kompetanse i Vestland

Frå: StudieHub – Fjordane Studiesenter på vegne av nettverket Studiesentera i Vestland (SIV). SIV består av StudieHub – Fjordane Studiesenter, Studiesenteret Kysten, HVK Studiesenter og Sogn Kompetanse.

Innleiing

Vi viser til høyringa av planprogram for Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Studiesentera i Vestland ønskjer å gje innspel til planprogrammet, med særleg vekt på punkt 6.3 under tema Planprosess, organisering og medverknad. Studiesentera i Vestland er etablert og finansiert i tråd med forskrifter fra Kommunal- og distriktsdepartementet av 04. april 2025, og Vestland fylkeskommune sitt vedtak om treårig tilskotsordning frå august 2025. Sentera dekkjer store delar av distriktskommunane i fylket, og har som mandat å tilby fleksible, etterspurnadsbaserte utdanninger i samarbeid med etablerte utdanningsinstitusjonar og det regionale kompetanseapparatet. Som ein del av dette arbeidet har studiesentera inngått samarbeidsavtalar med dei største utdanningstilbydarane i Vestland fylke, noko som bidreg til å sikre både kvalitet, breidde og regional relevans i utdanningstilbodet.

Punkt 6.3 - Næringslivet og partane i arbeidslivet, kunnskaps- og kompetansemiljø

Vi i Studiesentera i Vestland meiner det er naturleg at vi vert inkluderte her. Som regionale knutepunkt har vi ei særstilling i å kople saman utdanningsinstitusjonar, næringsliv, kommunar og utviklingsaktørar. Gjennom vårt arbeid bidreg vi til å identifisere og svare på kompetansebehov i arbeidslivet, samtidig som

vi legg til rette for utdannings- og utviklingsløp som fremjar verdiskaping, inkludering og innovasjon. Denne funksjonen gjer at vi tilfører relevante perspektiv og bør vere tydeleg forankra i planarbeidet. Konklusjon Vi oppmodar om at Studiesentera i Vestland blir nemnde eksplisitt som ressursar i planprogrammet under plantema 3.2 Kompetanse og inkludering, særleg under punktet 6.3 under plantema Planprosess, organisering og medverknad. Studiesentera representerer ein etablert, finansiert og forankra infrastruktur for kompetanseutvikling i distrikta, og kan bidra vesentleg til at planen når sine mål.

Med helsing Kari Eldby Rygg

Nordfjordeid, 8. september 2025

På vegner av StudieHub – Fjordane Studiesenter og nettverket Studiesentera i Vestland (SIV)